



Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2024/1701-1

Saksbehandlar: Anne Silje Berg

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2024/50	17.09.2024	Formannskap

Høyring av gebyrforskrift, forureiningsregelverket

Vedlegg

- Skjåk kommune - Gebyrforskrift forureiningsmynde, høyringsforslag
- Skjåk kommune - Følgerev til gebyrforskrift

Saksutgreiing

Kommunen er forureiningsmynde etter forureiningsforskrifta kapittel 2 (opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid), 12 (krav til utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustadhus, hytter og liknande), 13 (krav til utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå mindre tettstader), 15 (krav til utslepp av oljehaldig avlaupsvatn) og 15A (påslepp av avlaupsvatn til offentleg avlaupsnett frå verksemder), og i forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygg.

Kommunen er etter det same regelverket ansvarleg for å kontrollere at regelverket blir følgd. At regelverket ikkje blir følgd eller det er feil på anlegg kan føre til forureining av vasskjelder. Dette igjen kan gå ut over vasskvaliteten: Gje dårlegare levkår for organismar i vatn, gjere vatn ueigna som badevatn og ikkje minst gjere vatn ubrukeleg som drikkevasskjelde for menneske og dyr.

Dette inneber at kommunen har ansvar for å sakshandsame og elles følgje opp ved tilsyn og kontroll:

- Opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid.
- Utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustadhus, hytter og liknande.
- Utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå mindre tettbygde område.
- Påslepp av oljehaldig vatn.
- Påslepp av feitthaldig vatn.
- Forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygg.

Hittil har ikkje kommunen hatt anledning til å krevje gebyr for desse oppgåvene, fordi det ikkje er fastsett kommunal forskrift. Forureiningslova opnar for dette, jamfør § 52a. Denne forskrifta har difor som formål å gje kommunen heimel til å dekke kostnadane kommunen har ved

sakshandsaming, tilsyn og kontroll som forureiningsmynde etter forureiningslova, forureiningsforskrifta og forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygg.

Kommunelova § 15-1 seier at samla sjølvkost for ei teneste skal svare til meirkostnaden ved å yte tenesta. Forureiningsforskrifta §§ 2-12 og 11-4 seier at gebyra skal settast slik at dei samla ikkje overstig kostnadane kommunen har ved sakshandsaminga eller kontrollordninga, jf. forureiningslova § 52a, og at ramma for gebyra må fastsetjast i kommunal forskrift.

Gebyra kan finansiere alle naudsynte kostnadar knytt til gebyrområdet, mellom anna:

- Lønnskostnadar til tilsette som jobbar med tilsyns- og kontrollordninga
- Lønnskostnadar til tilsette som arbeider med sakshandsaming av nye utslepps-/ og endringsløyve
- Naudsynte lisensar/programvare
- Analysekostnadar
- Kurs/opplæring
- Køyretøy. Kjøp eller leige av køyretøy som kan brukast til tilsynsordninga
- Arbeidsklede og anna naudsynt utstyr

Gebysatsane for 2025 vert utrekna i løpet av hausten og kommunedirektøren tek sikte på å fastsette gebyr for desse tenestene i gebyrregulativet for 2025. Dei konkrete satsane vil difor ikkje vere kjende før dei blir lagt fram for politisk handsaming.

Miljømessige konsekvensar

Kommunedirektøren vurderer det som særskild viktig å intensivere arbeidet med sakshandsaming og tilsyn/kontroll knytt til forureiningsregelverket. Overordna styresmakter har dei siste åra presisert overfor kommunane vår rolle som forureiningsmynde, at oppgåvene er lovpålagde, og peikt på dei negative konsekvensane av at kommunane ikkje følgjer opp arbeidet på ein tilstrekkeleg god måte. Ved å gebyrfinansiere oppgåvene etter forureiningsregelverket får kommunen ein reell moglegheit til å følgje opp arbeidet, og dette får direkte positive miljømessige konsekvensar.

Vurdering

Skjåk kommune har fram til no ikkje hatt ei gebyrforskrift som dekkjer det arbeidet kommunen er pålagt å gjere som forureiningsmynde. Frå 2025 ynskjer kommunedirektøren å sikre finansiering av sakshandsaminga og kontrollen/tilsynet vi fører, og har difor utarbeidd dette forslaget til lokal gebyrforskrift.

Oppgåvene med sakshandsaming og kontroll/tilsyn blir utført dels av teknisk avdeling og dels av plan, byggesak og miljø, avhengig av type tiltak. Forureiningsregelverket har strenge krav, og kvar søknad blir gjennomgått og vurdert opp mot kriteri i regelverket. I tillegg blir tiltak også vurdert opp mot krava i plan- og bygningslova. Tilsyn og opprydding i avlaup er ei krevjande oppgåve som må planleggast og gjennomførast over tid. Til dømes er det i Skjåk mellom 600-700 private avlaupsanlegg som ikkje er kopla til det offentlege avlaupsnett. Kvart år blir det gjeve nye løyve, både for etablering av heilt nye anlegg og oppgradering eller endring av eksisterande.

I 2023/2024 har det på plan, byggesak og miljø vore gjennomført kompetanseheving på fagfeltet gjennom utdanning på NMBU. Tilsvarende arbeid med kompetanseheving og kommunal forskrift blir også gjort i fleire andre kommunar i Nord-Gudbrandsdalen. Staten har dei siste åra intensivert oppfølginga av kommunane på dette feltet, både for å auke kompetansen og for å sjå til at

kommunane gjennomfører oppgåver vi etter lova er pliktige til. Eitt steg i prosessen mot etterlevinga av lovkrava er å sikre at arbeidet kan finansierast etter sjølvkostprinsippet ved hjelp av gebyr.

Kommunedirektøren si tilråding

1. Formannskapet vedtek å leggje forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll etter forureiningsregelverket på høyring i minst ein månad.

Formannskap si behandling av sak 50/2024 i møte den 17.09.2024:

Behandling

Samrøystes som tilråding.

Vedtak

1. Formannskapet vedtek å leggje forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll etter forureiningsregelverket på høyring i minst ein månad.